

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE BERGEN HF

STAD: Finstuen, Bikuben konferansesenter
MØTETIDSPUNKT: 30.08.2018, kl. 10.00 – 15.00

Styremøtet var ope for publikum og presse.

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Svein Gjedrem	Leiar
Signy Midtbø Riisnes	Nestleiar
Mona Hellenes	Styremedlem
Anne-Margrete Bollmann	Styremedlem
Bjørn Østbø	Styremedlem
Per Karlsen	Styremedlem
Rolf Martin Tande	Styremedlem
Karen Anne Stordalen	Styremedlem
Irene Hopsdal	Styremedlem
Arvid Langeland	Styremedlem
Linda Karin Gangstøe	Varamedlem

FORFALL

Geir Arne Sunde	Styremedlem
-----------------	-------------

DELTAKARAR FRÅ BRUKARUTVALET

Inge Aareskjold Fiskvik	Leiar Brukarutvalet
-------------------------	---------------------

FORFALL

Hjørdis Dahle	Nestleiar Brukarutvalet
---------------	-------------------------

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Eivind Hansen	Administrerande direktør
Anne Sissel Faugstad	Viseadministrerande direktør
Clara Gjesdal	Viseadministrerande direktør
Lasse Hatletvedt	Referent

Ved starten av møtet var det eit innlegg om forskning v/Vidar Martin Steen, Overlege Avdeling for Medisinsk genetik og Professor UiB.

SAKLISTE

UNDERLAG

Sak	75/18 A	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	76/18 A	Godkjenning av protokoll	Vedlagt
Sak	77/18 O	Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak	78/18 O	Rapport frå verksemda	Vedlagt
Sak	79/18 O	Budsjett 2019	Vedlagt
Sak	80/18 O	Informasjon om arbeidet med lærlingar i føretaket	Vedlagt
Sak	81/18 A	Sal av Haukelandsbakken 4	Vedlagt
Sak	82/18 O	Status Utviklingsplan/Prehospital plan	Vedlagt
Sak	83/18 O	Oppfølging internrevisjon av internasjonale samarbeidsprosjekt	Vedlagt
Sak	84/18 O	Høyingsfråsegn - utviklingsplan for Haraldsplass Diakonale sykehus 2018-20135	Vedlagt
Sak	85/18 O	Tilrettelegging for pasientane i samband med flytting av Augeavdelinga sin sengepost	Vedlagt
Sak	86/18 A	Møteplan for 2019	Vedlagt
Sak	87/18 O	Eventuelt	
		Skriv og meldingar	Vedlagt
		- Årshjul for styret i Helse Bergen 2018	
		- Referat frå brukarutvalet i Helse Bergen 28.05.2018	
		- Protokoll frå føretaksmøte i Helse Bergen 07.06.2018	
		- Internrevisjon – Sikring av gode IKT-anskaffingar	
		- Oppdragsdokumentet 2018 – tilleggsdokument etter Stortingets behandling av Prop	
		- Informasjon om tilleggsdokument til oppdragsdokumentet 2018 frå HOD	
		- Sivilombudsmannen – Forebyggende tilsyn ved Psykiatrisk klinikk høsten 2018	

Styret sitt kvarter

Sak 75/18 A Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak [samrøystes]

Innkalling og dagsorden blei godkjende.

Sak 76/18 A Godkjenning av protokoll

Vedtak [samrøystes]

Protokoll frå styremøte 20. juni 2018 blei godkjend.

Sak 77/18 O Administrerende direktør (AD) si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Ingen kommentarar.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og styremaktkrav

Ingen kommentarar.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Ingen kommentarar

4. Saker til oppfølging etter styremøtet

Ingen kommentarar.

5. Mediesaker

Styreleiar stilte spørsmål om den aktuelle saka om uroa i Bergensklinikkene og kva for konsekvensar det kan få for Helse Bergen. Administrerande direktør gjorde greie for praksis når det gjeld utskriving i føretaket.

Til oppfølging

Styret ønskjer å få vite meir om samspelet mellom dei private avtalespesialistane og ideelle institusjonane og Helse Vest/Helse Bergen, jfr. punkt 03/17 i lista over *Saker til oppfølging* under AD si orientering. Styret ber særleg om å få ei oversikt over løyvingane og pengestraumane mellom Helse Vest og dei private ideelle institusjonane og avtalespesialistane i Helse Bergen sitt opptaksområde.

6. Leiarstillingar i Helse Bergen

Randi-Luise Møgster er tilsett som ny viseadministrerande direktør. Marta Ebbing er tilsett som ny fagdirektør.

Til oppfølging

Styret ønskjer å få ei orientering om føretaket sin strategi og langsiktige planar når det gjeld leiarutvikling.

7. Orientering om sak på Barne- og ungdomsklinikken

Ingen kommentarar.

8. Sak med Bergen kommune om eigedommar

Ingen kommentarar.

9. Markering Hagavik 125 år

Ingen kommentarar.

10. Beredskapshendingar

Ingen kommentarar.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen tek meldingane til orientering.

Sak 78/18 O Rapport frå verksemda

Oppsummering

Aktiviteten dei to siste månadene har vore høg. Det gjer seg utslag i at vi no ligg godt over det regionale målet til DRG-aktivitet målt mot i fjor, sjølv om føretaket fortsatt er 140 DRG-poeng bak plantala for somatisk sektor. Innan psykisk helsevern for vaksne (PHV) og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) er aktiviteten fortsatt om lag som planlagt, mens Psykisk helsevern for barn og unge (PBU) ligg bak plan. Både PHV, PBU og TSB ligg likevel alle over plan når det gjeld DRG-poeng.

Ventetida for pasientar som har starta si behandling i juli er – med unntak av PHV – kortare enn tidligare, og innfrir det regionale målet. Den korte ventetida i juli er i tråd med tidligare års erfaringar, og skuldast ferieavvikling. Del fristbrot er fortsatt for høgt, sjølv om det var 282 færre fristbrotpasientar som fekk starta behandling i juli enn i juni.

Det økonomiske resultatet i juli er positivt kr 12,9 mill, og kr 3,8 mill betre enn budsjettet. Hittil i år viser rekneskapen eit negativt resultatavvik kr 31,4 mill. Det vil vere vanskeleg å ta igjen all aktivitet som ligg under plan. I tillegg har føretaket fram til no hatt kostnader knytt til omstillingar som er vanskeleg å kompensere for. Prognose for året blir derfor sett til kr 90 mill i positivt resultat, dvs kr 20 mill i negativt budsjettavvik.

Kommentarar i møtet

Styret er generelt nøgd med at det på mange områder har det vore ei positiv utvikling dei siste månadane. Det gjeld mellom anna reduksjon i talet på fristbrot, ei betring i den økonomiske utviklinga, gjennomgåande positive resultat innan ventetida. Det er og positivt at verknaden av mottaksmodellen ser ut til å vere som planlagt.

Styret merkjer seg at det finst utfordringar når det gjeld å nå måla innan pakkeforløp for kreft. Det er ønskeleg at det blir arbeidd med å forstå kva som er flaskehalsane innan dei ulike forløpa og tiltak for å fjerne dei.

Andre område som blei diskutert var strykingsprosent for operasjonar og kva som skal til for å få bort korridorpatientane i dei avdelingane som har flest av desse. Hjerteravdelinga peiker seg ut med å ha hatt utfordringar med begge deler over lenger tid.

Styret stilte spørsmål om grad av etterleving av prioriteringsreglane for psykiatri og rusmedisin går i riktig retning. Talet på pasientar som blir avviste etter tilvising frå fastlegane er relativt høg. Administrerande direktør svarte at han har teke problemstillinga opp med Divisjon for psykisk helsevern. Det vert arbeidd med to pilotar innan både vaksenpsykiatrien og barne- og ungdomspsykiatrien der det vil bli prøvd ut ein modell der pasientar ikkje skal avvisast utan fyrst å ha ein konsultasjon med ein spesialist. Planen er at pilotane vert starta hausten 2018.

Til oppfølging

Styret ønskjer i kvart møte i tida framover ei orientering om utviklinga innan pakkeforløp for kreft.

Styret ønskjer i kvart møte i tida framover ei orientering om grad av etterleving av prioriteringsreglane for psykiatrien.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen HF tek saka til orientering.

Sak 79/18 O Budsjet 2019

Oppsummering

Plan for framdrift og prosess for budsjett 2019 vart lagt fram for styret i mai og juni. Forslag til statsbudsjett blir lagt fram 8.oktober, og fram til dette vil budsjettarbeidet ha utgangspunkt i premiss frå regionalt helseføretak som gjennomgått i styremøte i juni. Føresetnader om aktivitet, økonomi og finansielle forhold blir justert i samband med justert inntektsfordeling i regionen i november.

Kommentarar i møtet

Styret gir si tilslutning til tiltaka det blir gjort framlegg om for 2019 og ber samstundes om at ein allereie i år tek grep der det er mogeleg.

For styret er det særleg viktig å understreke at det er viktig med gode interne prosesser på alle leiarnivå og blant dei tilsette og deira organisasjonar for at ein skal lukkast med dei aktuelle tiltaka.

Den venta effekten av dei ulike tiltaka bør analyserast grundig og i den grad det er mogleg bør ein konkretisere gevinstane. Til slutt er det dei økonomiske resultatane som vil avgjere om tiltaka har hatt ynskja effekt.

Representantane for dei tilsette kommenterte at ikkje alle omstillingane frå den førre budsjettprosessen er ferdige enno. Det manglar ressursar i ein del einingar, og det er framleis problem med korridorpatientar i nokre avdelingar. Dei spurde om det er føreslege justeringar i fordelinga av sengjeplassar. Det vart svara at det ikkje var omfordelt nokon sengjeplassar i denne omgangen av di det enno er for tidleg å gjera eventuelle endringar.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen HF tek gjennomgang av budsjett 2019 til orientering.

Sak 80/18 O Informasjon om arbeidet med lærlingar i føretaket

Oppsummering

Helse Bergen skal ha ei lærlingsamansetjing som samsvarer med føretaket og samfunnet sine behov. Sjukehuset har ein foreløpig plan for å auke tal lærlingar innan nokre fag med særleg fokus på portør og eigne tilsette helsefaglærlingar.

For å nå målet om rett volum og innhald i lærefag i Helse Bergen, skal sjukehuset i løpet av hausten 2018/våren 2019 ha ein gjennomgang av alle relevante fagområder og kartleggje mulegheit for fleire læreplassar og eventuelt fleire lærefag. Arbeidet skal gjerast i dialog med nivå 2/3-leiarane, relevante fagmiljø og fagforeiningane.

Kommentarar i møtet

Styret meiner det er bra at det blir jobba systematisk lærlingar i føretaket. Det er viktig med tanke på rekrutteringa innan dei aktuelle fagområda, samstundes med at lærlingar er ein god ressurs i drifta av sjukehuset. Det blei stilt spørsmål om det er mogleg å auke talet på lærlingar ytterlegare.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek saka til orientering og sluttar seg til planen for arbeid med lærlingar i føretaket.

Sak 81/18 A Sal av Haukelandsbakken 4

Oppsummering

Helse Bergen HF har gjennom lengre tid vore i dialog med Bergen kommune for å regulere stopp for Bybanen som tar omsyn til besøkjande både til Haukeland universitetssjukehus og Haraldsplass Diakonale sjukehus, samt dei institusjonane som ligg på Årstadflaten. Det er bestemt at Bybanen skal gå under jorda på den aktuelle strekninga.

Helse Bergen HF vart samde med kommunen om at plassering av stoppet under jorda mellom dei to sjukehusa var god, med to oppgangar, ein i Årstadvegen nært Haraldsplass og ein i Haukelandsbakken 4, nært Haukeland. Dette er og i samsvar med føretaket si tilråding i gjeldande arealplan.

Vedtak [samrøystes]

Eigedommen Haukelandsbakken 4, 3337 m² av gnr 163 bnr 85 i Bergen kommune vert seld til Hordaland fylkeskommune v/Bybanen utbygging i samsvar med den avtalen som ligg føre og for kr 9,2 millionar.

Sak 82/18 O Status Utviklingsplan/Prehospital plan

Oppsummering

Styret er orientert om Utviklingsplanen undervegs i arbeidet: Planen har vore på agendaen i møta 28. september 2017 og 25. januar, 22. februar, 27. april, 30.mai i 2018. Prehospital plan har vore framlagt i styremøta 27. april og 20. juni 2018.

Styret sine innspel til Utviklingsplan og Prehospital plan er tatt omsyn til i dei reviderte dokumenta. I tillegg er høyringssvar, innspel frå føretaksleiinga, frå fagmiljø og fagpersonar i sjukehuset, behandla i dei nye utkasta til planar. Vi har fått 19 høyringssvar til prehospital plan, medan det til no er komen sju høyringssvar, i tillegg til ei rekke interne tilbakemeldingar til Utviklingsplanen. 24. august er siste frist for høyringssvar til Utviklingsplan (kommunar og brukarutval). Det vil bli gitt ei munnleg orientering om desse svara i styremøtet 30.august.

Endringane som er gjort er førebels merka med raudt i begge dokumenta. Under gir vi ei «lesarettleiing», for å forenkle denne nest siste handsaminga av planane i styret. Det er lagt opp til endeleg godkjenning av ein språkleg kvalitetssikra Utviklingsplan, inkl. prehospital plan, i styremøtet 27. september 2018.

Kommentarar i møtet

Innspel til prehospital plan

Det er gledeleg at samarbeid om kompetanse med kommunane er tatt med i planen.

Når ein i framtida skal etablere ambulansestasjonar kan ein vurdere nytta av ein samlokalisering med andre naudetatar, slik ein allereie har gjort i Os. Det vart og diskutert om det er mogleg å få til synergjar innan kompetansebygging med kommunane når det kjem ei ny utdanning for brannmannskap.

Styret saknar noko meir i planen når det gjeld respons på hendingar utanfor allfarveg. Det bør og stå noko i planen om kva som blir gjort knytt til opphoping av turistar nokre plassar i deler av året og område med høg konsentrasjon av hytter.

Sivilforsvaret har personell som er kursa innan førstehjelp og samarbeidet med sivilforsvaret bør takast med i planen.

Innspel til utviklingsplan

Styret meiner generelt at planen er godt skriven og lett å lese. Det er positivt at ein i planen no har teke omsyn til dei fleste av kommentarane frå styret og andre som har kome med høyringsfråsegn.

Det kan stå noko meir om operasjonalisering av planen, korleis den blir fulgt opp og korleis tiltaka skal bli implementert. Adm.dir. kommenterte at det vil bli arbeidd med systematisk operasjonalisering av planen så snart den er vedteken.

I planen står det at samla behov knytt til etterslep på vedlikehald er berekna til 3,4 mrd. Det er verdt å ha med ei omtale i planen om kva som er føretaket sin strategi på dette området, kva som må gjerast og i løpet av kor lang tid.

Det kan i planen stå meir om kva føretaket kan gjere for å lære av dei beste. Det er viktig Helse Bergen er tar inn i planen kva ein kan gjere for å søke, utforske og implementere beste praksis.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek revidert utkast til utviklingsplan, inkl. prehospital plan for Haukeland universitetssjukehus, Helse Bergen HF, til orientering.

Sak 83/18 O Høyringsfråsegn – utviklingsplan for Haraldsplass Diakonale sykehus 2018-2035

Oppsummering

Haraldsplass Diakonale sykehus (HDS) har utarbeidd ein utviklingsplan fram mot 2035 på lik line med dei offentlege helseføretaka. I planen blir no-situasjonen skildra, samt kva HDS vil fokusere på dei neste 17 åra.

I prosessen med å utarbeide utviklingsplan har HDS og Helse Bergen samarbeid godt når det gjeld dialog og innretting på tiltaka knytt opp mot kommunane. Utover det har det ikkje vore samordning av utviklingsplanarbeidet for åra fram mot 2035.

Helse Bergen si høyringsfråsegn tek i hovudsak for seg kapittel 5 om dei strategiske vala.

Kommentarar i møtet

Styret meiner at utgangspunktet for samarbeidet og utviklingsplanane til dei to sjukehusa må vere at ein skal få til ein best mogleg tenesteproduksjon innanfor dei ressursrammene som finst.

Haraldsplass sin utviklingsplan synar at dei to sjukehusa har ulike syn på ein del vesentlege område, som til dømes akuttmedisin, døgnbehandling og støttetjenester.

Det er difor naudsynt at Helse Vest tek initiativ til å initiere ein prosess der arbeidsdeling og rammer for samarbeidet mellom Haukeland og Haraldsplass blir revidert.

I tillegg til ein gjennomgang av funksjonsfordelinga på lang sikt, er det og trong for ein annan type styring av den totale kapasiteten til dei to sjukehusa på ein kortare horisont. Det vart her mellom anna peikt på den rollefordelinga som er nemnt i Helse Vest sitt styrevedtak i januar 2007.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen ber Helse Vest initiere ein prosess for å utvikle og utnytte dei samla spesialisthelsetenestene i opptaksområdet på best mogleg måte. Prosessen må ta for seg vesentlege forhold som:

- Funksjonsfordeling mellom Haukeland og Haraldsplass
- Gjennomgang av totalkapasitet og styring av kapasitet
- Styring og fordeling av Ø/H – pasientar.
- Støttetenester som røntgen og laboratorier

Styret ber om at administrasjonen har ein tett dialog med Haraldsplass for å sikre eit godt samarbeid mellom dei to sjukehusa.

Sak 84/18 O Oppfølging internrevisjon av internasjonale samarbeidsprosjekt

Oppsummering

Etter ei intern revisjon internasjonale samarbeidsprosjekt i Helse Vest vart revisjonsrapport av internasjonale samarbeidsprosjekt handsama i RHF-styret (Sak 60/18). I styrevedtak blir Helse Bergen bedt om å gi ei tilbakemelding på nokre spørsmål frå RHF-styret.

Avdeling for Internasjonalt Samarbeid jobbar for tida med å gå gjennom alle rutinar og retningslinjer for utstasjonering.

Kommentarar i møtet

Styreleiar kommenterte at det internasjonale arbeidet har god oppslutning, men at det ikkje har vore systematisk rapportering oppover i styringslina om denne delen av verksemda. Det må leggjast inn i årleg melding i framtida.

Spørsmåla som kjem frå styret i Helse Vest liknar på spørsmål som og er stilt i dette styret, til dømes kontroll på kva risiko dei tilsette som jobbar utanlands er utsette for.

Samstundes bør vedtaket i Helse Vest sitt styre tolkast som ei tilslutning til at ein kan drive det internasjonale arbeidet vidare på det nivået ein no har lagt opp til. Dersom Helse Bergen i framtida ønskjer å auke innsatsen må ein forankre det i styringslina.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen tek saka til orientering.

Sak 85/18 0 Tilrettelegging for pasientane i samband med flytting av Augeavdelinga sin sengepost**Oppsummering**

I sak 74/18 0 ba representantane for Brukarutvalet om å få vite meir om kva som blir gjort av tiltak for å legge til rette for pasientane i samband med flytting av Augeavdelinga sin sengepost til Sentralblokken.

Administrasjonen kjem i denne saka med ei orientering om kva som er gjort og kva som kan gjerast framover.

Kommentarar i møtet

Leiar for Brukarutvalet kommenterte at to sentrale ting må vere på plass for pasientane:

- Bemanninga må ha god kompetanse på augefeltet
- Det må skaffast middel til å få til ei god generell og universell utforming av lokala.

Adm.dir. kommenterte at det vert arbeidd med forbetring på begge område.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek saka til orientering og framhevar kor viktig det er at tilsette på sengeposten har god kompetanse i augefaget.

Sak 85/18 0 Møteplan 2019

Styret må kome med eventuelle innspel til datoane før ei endeleg godkjenning av møteplanen i neste styremøte.

Sak 85/18 0 Eventuelt

Ingen saker under Eventuelt.

Dato: 27. september 2018

Svein Gjedrem	Styreleiar
Signy Midtbø Riisnes	Nestleiar
Per Karlsen	Medlem
Bjørn Østbø	Medlem
Rolf Martin Tande	Medlem
Mona Haugland Hellesnes	Medlem
Ann-Margrete Bollmann	Medlem
Arvid Langeland	Medlem
Karen-Anne Stordalen	Medlem
Irene Hopsdal	Medlem
Sett: Geir Arne Sunde	Medlem

Linda Karin Gangstø

Varamedlem